

UNIVERSITETET I OSLO

INSTITUTT FOR ARKEOLOGI, KUNSTHISTORIE OG NUMISMATIKK (IAKN)
Frederiks gate 3
0164 OSLO

Oldsaksamlingen

Tlf: 22 85 95 37
Fax: 22 85 95 24

Alf Tore Hommedal
NIKU - Utgravningskontoret
for Bergen
Bryggens museum
9000 Bergen

KOPI

Deres ref.:

Vår ref.:

Oslo, 06.09.95

Kjære Alf Tore,

Takk for forslag til tilveksttekst og foreløbig rapport.
Teksten er for omfattende for tilveksten og jeg sender hva vi
har landet på. Jeg foreslår at din tekst inngår i rapporten,
enten som et slags sammendrag først eller som konklusjon.
Håper du er enig.

Mange hilsner fra

Birthe

C. 38229/1-140 Storøya 198/1, Hole k., Buskerud.

Funn fra middelalder og Nyere tid fra arkeologisk prøvegraving 28. juni - 10. juli 1993 under ledelse av Alf Tore Hommedal, Univ. i Bergen. Utgravningen var privat finansiert (rapport UO. Top.ark v/ Alf Tore Hommedal).

Hensikten med prøvegravningen var om mulig å få bedre kjennskap til middelalderanlegget på Storøya. Det ble ialt åpnet 11 arkeologiske felt.

Det ble funnet ulike typer profiltegl fra middelalder og andre funn for det meste fra nyere tid. Disse består av fragmenter av vindusglass, keramikk, kritt Piper, spiker etc. Da de fleste av gjenstandene lå i omrotete masser, ble funn som dyrebein, en del av slagget, trekull o.l. kassert etter registrering, 51 nr. av de 140 u.nr. Av profiltegl er bare de best bevarte fragmentene og eksempler på de ulike tegltypene hentet inn til UO og registrerte. Resten av teglmaterialet er systematisert etter typer og blir oppbevart i merkete kasser på Storøya gård. MA 93/12.

MA-samlingen. 2000.

C. 38229/1-140.

Alf Tore Hommedal

RAPPORT OM ARKEOLOGISK PRØVEUNDERSØKING AV
MELLOMALDERANLEGGET VED STORØEN GÅRD,
STORØYA, HOLE I BUSKERUD



INNHALD

GENERELL OMTALE OG MÅLSETTINGA MED ARBEIDET

GJENNOMGANG AV DEI ARKEOLOGISKE FELTA

Felt A: Aust for nordaustre hjørne i "Gamlehuset"

Felt B: Nord for nordaustre hjørne i "Gamlehuset"

Felt C: Aust for "Gamlehuset"

Felt D: Aust for "Gamlehuset" og for felt A

Felt E: Ytre, sørvestre hjørne av "Gamlehuset"

Felt G: Vest for "Gamlehuset"

Felt H: Vest for "Gamlehuset"

Felt I: Aust for "Gamlehuset", aust for felt D

Felt J: Ved ytre nordvestre hjørne for "Hovedhuset"

Felt K: Vest for "Hovedhuset" og vest for felt J

Telegrøft

Maskingrave felt

Felt L: Ytre, søraustre hjørne av "Gamlehuset"

GJENSTANDSMATERIALET

VURDERING AV MULIGHEITA FOR BYGNINGAR

OPPSUMMERING MED KONKLUSJON

VEDLEGG: OVERSIKT OVER DOKUMENTASJONSMATERIALET

Oppmålingsteikningar

Svart-kvitt bilete

Lysbilete

FIGUR 1-13

Framsidedeilete: Kvelvribbene C 38229/68 og C 38229/69, funne i felt D (SK-foto 43). Foto: A.T. Hommedal.

RAPPORT OM ARKEOLOGISK PRØVEUNDERSØKING AV MELLOMALDERANLEGGET VED STORØEN GÅRD, STORØYA, HOLE I BUSKERUD

I tidsrommet 28. juni - 10. juli 1993 vart det ved tunområdet på Storøen gård gjennomført ei arkeologisk prøvegraving for om mogeleg å få betre kjennskap til mellomalderanlegget på Storøya. Arbeidet vart leia av Alf Tore Hommedal med assistanse av arkeologistudentane Else Marie Plahter (29. juni-9. juli) og Frode Pilskog (5.-9. juli). Gjennom sysselsettings-tiltaket "Arbeid for trygd" stilte Hole kommune i delar av perioden med tre gutar: Pål Frodahl, Tom Erik Haglund og Sverre Tovsrud. Under heile feltperioden fekk vi dessutan nyttig hjelp av amatørarkeologen Grethe Seim, som gjorde arbeidet av eiga interesse og på si eiga fritid. Ola Storsletten og Marianne Brockman tok også ein dag del i feltarbeidet. Undersøkinga vart finansiert ved ei anonym gåve formidla gjennom eigaren av Storøen gård, Kjeld Nørgaard og gjennom advokat Hans Jørgen Grundt, Oslo. Alf Tore Hommedal utførte arbeidet som forskingsdel innan stillinga si ved Universitetet i Bergen, og vart difor ikkje lønna av prosjektet.

GENERELL OMTALE OG MÅLSETTINGA MED ARBEIDET

Storøen gård ligg på den vestlege delen av Storøya i Tyrifjorden, på toppen av ein sørvendt skråning ned mot Holsfjorden. Mot nord er det ein bratt skrent ned mot Storøysundet. Bortsett frå ein moderne driftsbygning består anlegget i dag av fleire trebygningar frå 17- og 1800 talet (fig.1). To av bygningane, "Gamlehuset" frå 1700-talet og "Hovedhuset" frå tidleg på 1800-talet, kviler på steinkjellarar frå mellomalderen. Ein tredje steinkjellar ligg i dag under markoverflata vest for "Hovedhuset" og delvis inn under drengestua i "Langebygningen". Tunet på Storøen vart freda i 1923.

I mellomalderen tilhørde Storøya bispestolen på Hamar, og biskopen har etter alt å døma hatt ein eigen gard der. Dei bevarte steinkjellarane må vera del av dette gardsanlegget. Kva funksjon anlegget har hatt er usikkert, men ut frå plasseringa er det nærliggjande å sjå staden som eit administrasjons- og oppbørssenter for søre del av Hamar bispedømme, som strekte seg like til Nummedal og Telemark. I 1591 fortel biskop Jens Nilsson at "En skjøn mured`gaard" framleis var synleg. Storøya må også ha vore sentral i forhistorisk tid. Mellom anna er det i nærleiken av tunet no i 1990-åra gjort fleire lausfunn frå vikingtid.¹

Målsetting med undersøkingane: Ved arbeid i grunnen har eigaren, Kjeld Nørgaard, ved fleire høve treft på murrestar innafor det noverande tunområdet. Dette gjeld aust og vest for både "Hovedhuset" og "Gamlehuset". Målsettinga var no å kunna spora desse murane, få fastslått om dei eventuelt var del av bygningar og freista å setja dei inn i ein heilskap med dei bevarte steinkjellarane. Dermed ville ein venteleg få eit betre inntrykk av både form, funksjon og datering av mellomalderanlegget på Storøya.

¹ Munnleg opplysning frå førstekonservator Inger Helene Wibe Müller ved Universitetets Oldsaksamling, Oslo. Funna er komne fram gjennom bruk av metalldetektor og levert Oldsaksamlingen.

Strategien for feltarbeidet vart lagt opp første arbeidsdagen under ei synfaring saman med Kjeld Nørgaard og førsteantikvarane Håkon Christie og Ola Storsletten hjå Riksantikvaren. Vi markerte stadene der det skulle vera observert murar, gjekk gjennom kjellarane under "Gamlehuset" og "Hovedhuset", og diskuterte prioriteringa ved utvelginga av arkeologiske prøvefelt. Det var klart at "Gamlehuset" ville bli sentralt. Både Håkon Christie og Ola Storsletten var også fleire gonger på besøk i løpet av feltarbeidet.

Ein avisartikkel om gravinga stod i "Ringerike Blad" for 12. juli 1993.

Dokumentasjonsmaterialet

Ei oversikt over dokumentasjonsmaterialet utanom sjølve rapporten er sett opp som vedlegg til sist i rapporten. Materialet omfattar oppmålingsteikningar og fotografi i svart-kvitt og lysbilete, alt levert Riksantikvarens arkiv saman med denne rapporten.

Dei 13 figurane, som står til sist i sjølve rapporten, er utvalde fotografi av dei samla fotoa og samanstilte reinteikningar av feltteikningane. Nivelleringsnummera frå feltteikningane er ikkje førte på reinteikningane.

GJENNOMGANG AV DEI ARKEOLOGISKE FELTA

Det vart i alt opna 11 arkeologiske prøvefelt, bokstaverte felt A – L. I tillegg kjem eit maskingrave felt som ikkje vart bokstavert. "Felt F" gjekk ut for å unngå at lagnummereringa for eit slikt felt skulle kunna forvekslast med feltnummereringa av gjenstandsfunna (F-nummer). To av felta (J og K) låg vest for "Hovedhuset", (fig. 6) to (felt G og H) låg på plenen vest for "Gamlehuset" (fig. 5), eitt låg ved sørvestre hjørna (felt E) og eitt ved nordaustre hjørna (felt B) av "Gamlehuset", medan alle andre låg på austsida av "Gamlehuset" (fig. 2). Fleire felt vart i løpet av arbeidet utvida og nye vart opna ut frå funna som vart gjort. Bokstaveringa syner den kronologiske rekkjefylgja i opninga av felta. Med få unntak vart alle jordmassar under torvlaget solla.

Ved gjenfyllinga vart det i alle felta - med unntak av felt G og H - lagt filtduk i botnen til markering av overgangen mellom urørte og utgravde massar. I felt G og H vart overgangen markert ved oppskorne plastposar (handleposar).

Som innleiing til kvar feltomtale er det ført opp ein oversikt over svart-kvitt foto, lysbilete, oppmålingsteikningar og funn-nr. som gjeld feltet. Nummera syner til dei samla listene over foto, lysbilete og oppmålingsteikningar bakerst i denne rapporten. Funn-nummera er ført opp både med C-nummera ved Universitetets Oldsaksamling og F-nummera funna fekk i felt. Dette av di ikkje alle funn vart tekne inn til museet og fekk tildelt C-numme (sjå kapitlet om gjenstandsmaterialet lenger bak i rapporten).

Fotnotane med henvising til nivelleringsnummer syner til originalteikningane i Riksantikvarens arkiv, Oslo.

Felt A: Aust for nordaustre hjørne i "Gamlehuset" (fig. 2, 3, 7 og 8)

Sv.kv. foto: 5-13.

Oppmålingsteikning: Plan 1 og 2.

Lysbilette: 28-32, 38.

Funn-nr.: C 38229/1-8, 23-30, 32-38, 56-67, 113-114, 134.

(F1-2, 13-15, 18-24, 43-45.)

Beskriving: Feltet ligg aust for "Gamlehuset", inntil nordaustre del av bygningen med norausthjørna av steinkjellaren i huset. I utgangspunktet vart her lagt ut eit 1,30 x 2,0 m stort felt. På grunn av funna av murrestar vart feltet snart utvida til 2,80 m lengde ut mot aust, og feltet vart også utvida mot sør. Feltet er frå 0,25 - 0,40 m djupt.

Lagfylgja: Under torva (A1) kom det eit matjordlag (A2) som bestod av fin jord med berre lite iblanda kalk. I dette matjordlaget (A2) vart det funne dyrebein, trekolbitar, vindaugsglasbitar, teglbitar (mellom dei nokre som klart er av store mellomaldertegl), takteglbitar, ein moderne knapp, jarnspikrar og skår av nyare fajanse, steingods og flasker. Mesteparten er altså moderne, men óg klart innslag av gjenstandar frå mellomalderen, som vart teken vare på. Det same vart utvalgte deler av det nyare materialet. Dei nedafor omtala murrestane kom også fram i dette matjordlaget (A2). I nordaustre hjørna av feltet låg det ein del slagg, noko av han med kalkklumpar festa til seg. Nokre stader kom fjellet (kalkstein) fram i feltet.

Murfunn: I feltet kom det nokså snart fram ei breiare steinsetting lagt av mindre åkersteinar. Mot nord har steinsettinga ei klar avslutning lagt av ei rekkje relativt store brotsteinar. Det vart innan feltet ikkje påvist noko tilsvarende søre avslutning av steinsettinga. Steinsettinga må likevel oppfattast som "kjernen" og nordre liv i ein vest-aust orientert mur, som heretter vil bli omtala som "*den påviste muren*".

Det nordre murlivet (fig. 8) i denne muren er bevart i eitt skifts høgde, og er innan feltet påvist i ca. 2,15 m lengde bestående av tre tilnærma rektangulære kalksteinar med noko lunde rett nordflukt.² Steinane er til dels sterkt oppsprukne.³ Ein fjerde stein⁴ ligg inn i austre feltkant og syner at murflukta held fram vidare mot aust. Her er ikkje påvist særleg kalk mellom murlivssteinane og heller ikkje oppå desse, altså restar av fuger mot overliggjande murlivssteinar.⁵

Murflukta i den påviste muren har i vest retning inn mot nordaustre hjørna av steinkjellaren under "Gamlehuset", men murlivsrekkja er no avbrote ca. 70 cm frå kjellarmuren. Der *kan* det liggja ein liten rest av eit innspringande hjørna,⁶ slik at det har gått ein mur vinkelrett ut mot nord (fig. 8). Dei bevarte murrestane er likevel for vage til at dette kan seiast sikkert, mellom anna av di at dei to steinane som i tilfelle har utgjort hjørna ikkje ligg i forband med einannan. Hypotesen kan fyrst sjekkast ved vidare graving mot nord.

² Niv.nr. 3-9 på plan 1.

³ Sprikk steinen opp av di det er kalkstein, eller kan han ha vore utsett for brann ?

⁴ Niv. nr. 10 på plan 1.

⁵ Det er likevel sannsynleg at murlivet har vore kalkmurt, då det ligg kalk i jordmassane og murbruk er påvist i det same murlivet lenger aust (felt D).

⁶ Det tenkte hjørna vert danna av dei to steinane med niv. nr. 1-2 og 3-5 på plan 1.

Meir sannsynleg er det at den påviste murflukta har halde fram like til steinkjellaren i vest, og at murlivssteinen nærast steinkjellaren er fjerna ved rivinga av muren. Ut frå spor i steinkjellaren kan det då tenkjast to utformingar av breidda på denne muren:

1. Den påviste murflukta har, om ho har gått inn til kjellarmuren, treft denne 10-20 cm sør for nordaustre hjørna av kjellaren, dvs. der det i kjellarmuren er eit 55-65 cm breitt utlappa murparti nord for ei ståfuge. Når murlivssteinane⁷ i den no påviste muren er 35 - 40 cm breie, ville såleis utlappinga i kjellarmuren i breidda høva med ei utriving etter den nypåviste muren. Særleg tatt i betrakning at kjellarmuren med det utlappa partiet stikk ca. 10 cm nord for nordflukta for den nypåviste muren. Det som likevel talar mot hypotesen om at desse spora i kjellarmuren har samband med ei utriving etter den påviste muren, er at det i den nye muren ikkje er spor etter eit murliv mot sør, altså ei rett sørflukt slik ståfuga i kjellarmuren kunne tyde på at her skulle ha vore. Dette kan derimot koma av at eit søre murliv fyrst har byrja i eit høgare nivå, og dermed no er heilt vekke. Eit meir avgjerande moment mot hypotesen er likevel at den påviste muren ikkje hadde kunna vore oppført som kistemur og berre ville ha vore 55-60 cm brei, noko som verkar urealistisk i denne samanhengen.⁸ Muren bør ha vore breiare. Fyrst ei nærare undersøking av utlappinga i kjellarmuren vil venteleg kunna gjeva svar på dette spørsmålet. Meir sannsynleg er det likevel at utlappinga ha samband med steinpilaren ved hjørna her (sjå felt B).
2. Men også sokkelen på kjellarmuren kan kanskje kasta lys over utforminga av den påviste muren. Under austmuren i steinkjellaren kjem det i utgravingsfeltet fram *ein sokkel* lagt av opp til 12 cm tjukke steinar med jamn overkant. Dei er klart lagde i kalk mot fundamentsteinane som ligg under. Dei tre sørlegast påviste sokkelsteinane⁹ har rett framkant, medan den fjerde¹⁰ er ujamn i framkanten. Vidare nordover forsvinn sokkelen. Dette kunne ha samanheng med at den påviste muren der har støytt inn mot kjellarmuren. Den påviste muren ville i så fall ha vore ca. 90 cm brei. Men ei slik tolking føreset at heile murlivet i kjellarmuren er ombygd, då det her ikkje er noko synleg ståfuge eller utriving i dette murlivet. Tanken om at vi i sokkelhøgda her har sår etter den påviste muren vert styrka ved at sjølve nordaustre hjørnesteinen¹¹ verkar å vera lagt inn sekundært (sjå felt B), slik at berre søre del av mursåret¹² står att no.

*Steinsettinga*¹³ innanfor eller sør for nordflukta i den påviste muren ligg utan kalk, og består berre av åkersteinar (fig. 7). Medrekna nordre murlivet i den påviste muren er steinsettinga påvist i ca. 2,20 m breidde (nord-sør). Mot sør ser steinsettinga som alt nemnt ut til å slutta av utan eit søre murliv. Steinane avtek, og i søraustre del av feltet er dei heilt vekke. Steinsettinga er også vekke i eit 60-70 cm breitt parti nærast steinkjellaren. Dette kan kanskje ha samanheng med at ein i nyare tid har grave langsetter denne kjellarmuren og dermed fjerna

⁷ Niv.nr. 3-10 på plan 1.

⁸ Tjukklikeken på murane i kjellaren under "Gamlehuset" varierer frå ca. 50 til 220 cm, men den tynne vestmuren i kjellaren må opphavleg ha vore breiare, slik Ola Storsletten (1990: 130) har vore inne på.

⁹ Niv.nr. 36 og 38-39 på plan 1.

¹⁰ Niv.nr. 40-41 på plan 1.

¹¹ Niv.nr. 43-44 på plan 1.

¹² Markert på plan 1.

¹³ Niv.nr. 12-31 på plan 1.

steinane, på same måte som nordre murflukt i den påviste muren også stoppar ca. 70 cm frå steinkjellaren og kan vera fjerna ved same gravinga. Det er ikkje klart kva funksjon steinsettinga har hatt.

Konklusjon: Den aust-vest orienterte påviste muren i nordre del av felt A har høgst sannsynleg halde fram like inn til den ståande steinkjellaren under "Gamlehuset". Spor i steinkjellaren kan tyda på at muren har vore ca. 90 cm brei, men dette kan langt frå seiast sikkert. Ei nøyare undersøking av kjellarmuren vil kanskje gjeva svar på dette. Det er ikkje klart kva funksjon steinsettinga sør for den påviste muren har hatt.

Felt B: Nord for nordaustre hjørna i "Gamlehuset" (fig. 2)

Sv.kv. foto: 14.

Oppmålingsteikning: Plan 1.

Lysbilete: 32.

Funn-nr.: C 38229/9. (F3.)

Beskriving: Felt B er identisk med det utgravde området nord for det nordaustre hjørna av steinkjellaren under "Gamlehuset". Feltet er ca. 2,3 x 1,4 m stort. I søraust går feltet over i felt A. Medan felt A ligg aust for det nordaustre hjørna av steinkjellaren ligg felt B altså nord for dette hjørna.

Lagfylgja: Øvst låg der eit finare jordlag (B1), identisk med matjordlaget (A2) i felt A. Under jordlaget (B1) låg der bygningsgrus (B2) med tegl- og kalkbitar og dessutan ein del slagg. Nokre stader kom fjellet (kalkstein) fram i feltet.

Murfunn: Det nordaustre hjørna i steinkjellaren er eigentleg ein hjørnepilar som utgjer austre vange i sjølve kjellarnedgangen. Som ei forlenging av pilaren mot nord er der lagt ut laust liggjande steinar, altså utan murbruk. Steinane ligg dels som eit "austre murliv" i flukt med ytre austmursliv i steinkjellaren og frå kjellarhjørna og nord til svalgangspilaren i tre for 2. etasje av "Gamlehuset", og dels som eit "vestre murliv" eller ein "austre trappevange" i trappenedgangen til steinkjellaren. Desse laust liggjande steinane vart fjerna.

Under ligg ei tilsvarande forlenging av steinpilaren, lagt av brotsteinar i ei slags austre og vestre "murflukt" med kalkgrus og tegl ifyllt den mellomliggjande "murkjernen". Oppmuringa er som pilaren ca. 120 cm brei. Også der ligg oppmuringa som ein austre vange mot trappetrinna ned til kjellarinngangen og er sannsynlegvis oppført for ein slik funksjon.

Denne oppmuringa er sannsynlegvis lagt ut samtidig med utlappinga av pilaren, dvs. partiet nord for den tidlegare omtala ståfuga i nordre del av austmurslivet i steinkjellaren (sjå felt A). Der ser ein nemleg at "sokkelsteinen" under sjølve hjørna¹⁴ ligg i flukt med den oppmurte pilarforlenginga mot nord og må vera ein del av denne og ikkje ein del av sokkelen under austre kjellarmur. Ut frå ei slik tolking kan dette kjellarhjørna fyrst vera lagt ut etter at den påviste muren i felt A er riven og partiet nærast kjellaren heilt er fjerna.

¹⁴ Niv. nr. 43-44 på plan 1.

Felt C: Aust for "Gamlehuset" (fig. 2)

Sv.kv. foto: 15-16.

Oppmålingsteikning: Plan 6.

Lysbilete: 17-19.

Funn-nr.: -

Beskriving: Feltet ligg 6-7 m aust for "Gamlehuset". Feltet er ei rektangulær, nord/nordvest-sør/søraust orientert grøft, ca. 3,0 x 0,9 m stor og utgraven i 40 - 80 cm djupn. Målsettinga med feltet var å påvisa eventuelle murrestar. Feltet vart tidleg nedprioritert då reine murrestar ikkje vart påviste.

Lagfylgja: Under torvlaget (C1) låg eit opp til 20 cm tjukt matjordlag (C2), med enkelte spreidde tegl- og kalkbitar.

I nordre del av feltet låg det ca. 16-25 cm under dagens markoverflate ei laus *kampesteinsetting* i matjordlaget (C2). Nokre av dei fyrst framkomne åkersteinane vart fjerna før oppmåling, då den lause steinsettinga, utan kalk, vart oppfatta som av nyare dato. Etter at steinsettinga i felt A er komen fram kan det jo vera at steinsettinga i felt C er del av same steinsettinga. Denne verkar i så fall å stoppa ved ei line ca. 43,4 x/ 23,2 y - 44,1 x/ 22,6 y, med unnatak av ein stein lenger sør (nivilleringsnr. 11 på plan 6).

Sør for denne lina ligg det under torva og matjorda berre ei rein *småsteinsutfylling*, altså utan kalk. Utfyllinga kunne lett oppfattast som oppsmuldra fjell liggjande in situ. Men då steinane ligg med luftrom mellom seg, tyder dette på at det er snakk om utfylte massar. Dette vert også stadfesta ved at det i ein tilsvarande situasjon, i jordsnittet i telefongrøfta lenger aust, låg trekol under småsteinane (sjå nedafor). Underkant av utfyllinga i felt C vart ikkje påvist.

Konklusjon: Ingen murrestar vart påviste, men derimot ei kampesteinssetting i nordre del av feltet. I søre del av feltet verkar det som om der ligg ei utfylling, ned mot dagens golfbane.

Felt D: Aust for "Gamlehuset" og for felt A (fig. 2 og 9-12)

Sv.kv. foto: 17-22, 41.

Oppmålingsteikning: Plan 5.

Lysbilete: 1-3, 12-16, 33-38.

Funn-nr.: C. 38229/10-13, 41-42, 49-54, 68-102, 107-112, 115-132. (F4-5, 28-29, 34-38, 40-42.)

Beskriving: Felt D vart utvida i fleire omgangar etter som murfunna kom fram, og fekk difor ei ujamn form med fleire mindre utstikkarar. Vestre del av feltet har ei meir rektangulær form med lengderetning nord-sør, medan ein tynnare "tarm" med lengderetning aust-vest stikk ut mot aust og går over i felt I. Felt D byrja ca. 10 m aust for nordaustre hjørna i steinkjellaren under "Gamlehuset", og strekte seg ca. 5,7 m vidare austover (7,5 m medrekna felt I). I vestre del er feltet inn til 6,2 m langt nord-sør og 2,4 m breitt, medan den tynnare "tarmen" er inn til 1,5 m brei (nord-sør) og for det meste berre ca. 80 cm brei. Det vart påvist murrestar i feltet, og likeins store mengder laust liggjande teglsteinsfragment.

Lagfylgja: Under torva (D1) låg det eit matjordlag (D2), som i nordre, vestlegaste del av feltet låg iblanda store mengder med teglstensfragment, og dessutan enkelte kalkbitar og noko slagg. I søre del av feltet låg det også noko tegl i matjordlaget (D2), men ikkje slike

konsentrasjonar. Der kom det under det 15-20 cm tjukke matjordlaget (D2) eit opp til 20 cm tjukt rivingsgruslag (D3) med tegl og kalkgrus over dei påviste murrestane (kalkflata).

"Steinmuren" og kalkfundamentet: I feltet kom det fram ei nordre murflukt (fig. 9), med ei stor, kalkfylt flate eller murkjerne innafor (sør for) murflukta (fig. 10). Denne ligg klart i flukt med den påviste muren i felt A, og må oppfattast som del av den same konstruksjonen. Murflukta er innan felt D påvist i ca. 3,95 m lengde. Sjølv murlivet er dels lagt av tiltukta steinar av kalkstein, og dels av runde åkersteinar. Då åkersteinane må oppfattast som fundamentsteinar, medan dei tiltukta steinane sannsynlegvis markerer overgangen til sjølv blankmuren, er det etter alt å døma sjølv overgangen mellom fundamentet og blankmuren som er bevart. Dei (to) tiltukta steinane har på ytterflukta mot nord eit tydeleg kalkpusslag, noko som synest å stadfesta ei slik tolking.

Det merkelege er at der berre ligg to slike tiltukta steinar eller blankmursteinar i flukta. Resten er altså åkerstein, sjølv om desse stikk opp i nivå høgare enn dei to blankmursteinane. Det er også verd å merka seg at det berre er innafor (sør for) desse blankmurssteinane vi får ein høgareliggjande murkjerne enn elles i kalkkjernen sør for flukta.

Denne nordre murflukta har inga klar avslutning mot aust, men verkar å vera avbroten. Det er i fjelloverflata aust for murflukta ikkje spor etter at muren har halde fram vidare austover,¹⁵ og der kan heller ikkje ha vore eit hjørne med ei murflukt mot sør. Feltet vart difor utvida ca. 0,45 m mot nord, for å kunna spora eit eventuelt innspringande hjørne dersom muren hadde halde fram mot nord. Ingen spor av ei murflukt mot nord kunne påvisast. Vi må dermed konkludera med at vi ikkje kan seia noko om korleis den påviste murflukta har halde fram aust for det noverande murbrotet, eller om murbrotet markerer austre avslutting av murflukta. Dette siste er likevel lite truleg, då der i så fall burde ha vore ei klarare avslutting av murflukta.

For om mogeleg å påvisa ei søre murflukt og dermed avgrensa breidda på muren, vart feltet i fleire omgangar utvida mot sør. Som i felt A kunne vi heller ikkje i felt D påvisa ei søre murflukt eller murliv. Den kalkfylte murkjernen strekte seg berre som ei samanhengande flate mot sør, påvist i opp til 3,90 m lengde (nord-sør). Denne kalkflata ligg ca. 25-30 cm under noverande markeoverflate. Sjølv om der i sørlegaste del av feltet ligg nokre store steinar som kunne tenkjast å vera del av ein murkjerne, er det meir nærliggjande å tenkja på den jamne kalkflata i samband med eit golv.

Teglsteinmaterialet: Feltplassinga vart i utgangspunktet valt ut frå at Kjeld Nørgård peika ut staden der han hadde funne teglsteinsprofilar (skjoldbogeribbefragment og midtpoststein i vindauge) i samband med nedlegginga av ein kabel, som vi no også fann att. Dette gjeld nordvestlegaste del av feltet,¹⁶ der vi også fann store konsentrasjonar med teglsteinsfragment konsentrert til området nord for murflukta som også kom fram der. Alt teglsteinmaterialet vart gjeve funnr. F4. Teglkonsentrasjonen, som også inneheldt ein god del profilteglfragment,

¹⁵ Felt D vart i fleire omgangar utvida mot aust, i håp om å finna avsluttinga eller eit hjørne for murflukta. I felt I, aust for felt D, låg det ikkje mur - berre fjell - og vi rekna såleis med at murflukta måtte stoppa ein eller annan stad mellom felt D og felt I. Til slutt var dei to felta kopla saman, utan at meir av muren vart funnen.

¹⁶ Ca. 45,3-46,8 x/ 15,6-17,4 y, sjå plan 5.

låg i matjordlaget (D2), 10 - 40 cm under noverande bakkenivå og for det meste like under torva. Teglsteinskonsentrasjonen låg ikkje som rein bygningsgrus men var tydelegvis samla opp og plassert der. Teglsteinsbitane er for det meste så sterkt fragmenterte at ingen heile mål på steinen kan takast. På nokre fragment kan tjukkeleiken på steinen slåast fast til å vera 9 cm. Der er ikkje påvist heile breidder eller lengder på steinar. Det er likevel klart at det er snakk om mellomdertegl.

Mesteparten av desse teglsteinsfragmenta kunne slåast fast å vera av *profiltegl*, for det meste fragment av *skjoldbogeribber* i to ulike storleikar (type: C38229/10 og 74). Berre få av fragmenta har største mål over 10 cm.

I søre del av feltet kom det fram *tre heile kvelvribber* av same profiltype: Den eine kvelvribba er fullstendig heil (C38229/68), den andre er delt i tre (C38229/69) og den tredje er mest heil (C.38229/70). Dei låg alle tilfeldig i bygningsgrusen (D3) (fig. 11).

Det vart også funne ein profilert *midtpoststein* frå eit vindauga (C38229/71) (fig. 12). Dessutan vart det funne enkelte andre fragment av slike midtpoststeinar, i alle fall C38229/72.

Det er grunn til å merka seg at berre ein liten del av teglsteinsfragmenta verkar å vera av vanleg bygningstegl. Dei fleste fragmenta er tydeleg vis av profilert tegl. Dersom heile bygningen materialet stammar frå var oppført i tegl, ville vi ha venta ein mykje større del med vanleg bygningstegl i det bevarte materialet. Dette kunne kanskje tyda på at berre muroppingane og kvelvet i bygningen har vore utforma i tegl, medan resten av bygningen har vore i naturstein. Dette er likevel vanskeleg å seia noko sikkert om, i og med at teglsteinsmaterialet ut frå funnomstende verkar å vera redeponert, og såleis kan omfatta berre ein utvald del av det samla teglsteinsmaterialet frå bygningen.

Konklusjon: I nordre del av felt D ligg restar av det som må oppfattast som nordflukta i ein mur, der berre fundamentet og svake restar av murlivet er bevart. Dette er lagt på fjellet. Murflukta ligg i flukt med dei påviste murlivsrestane i felt A lenger vest. Murfunna i dei to felta skil seg frå einannan ved at restane i felt D ligg i kalk, medan denne manglar i felt A. Likevel må funna i dei to felta kunna sjåast i ein samanheng.

Felt E: Ytre, sørvestre hjørne av "Gamlehuset" (fig. 2 og 4)

Sv.kv. foto: 23 og 24.
Lysbilete: 25.

Oppmålingsteikning: Plan 7.
Funn-nr.: C 38229/14-17, 19, 39-40. (F6, 8, 26-27.)

Beskriving: Det 1,10 x 0,80 m store feltet låg inntil vestveggen av "Gamlehuset", heilt i ytre sørvestre hjørne av bygningen. Målsettinga med feltet var å sjå etter fundament for ein eventuell breiare vestmur i kjellaren, i og med at dagens vestmur er så mykje tynnare enn murane elles i kjellaren. Noko slikt fundament kom ikkje fram, sjølv om vi grov oss 0,60 - 0,85 m ned under noverande bakkenivå.

Lagfylgja (fig.4): På grunn av alle buskene som står inntil vestmuren var der ikkje torvlag. Det øvste jordlaget var eit 25 - 30 cm tjukt gråbrunt, sandhaldig matjordlag (lag E1), som

Kjeld Nørgaard har fylt på i ny tid. (Laget er dermed identisk med lag G1 og H1 i felta G og H på plenen vest for "Gamlehuset".) Derunder ligg den gamle markoverflata med matjord (lag E2), som inneheld små steinfliser og småsteinar, mest som liten singel. Denne må stamma frå den småsteinhaldige kalkkaka som i nyare tid er påført vestmuren, og som går ned til den gamle markoverflata og litt ned i det eldre matjordlaget (E2). Derunder ligg det kalkhaldig og jordblanda bygningsgrus (lag E3) i 20-30 cm tjukkeleik, med flak av kalkpuss og opp til 2,5 cm store kalkfuger forutan tegl. Derunder ligg det reinare bygningsgrus (E4) med kalk og tegl i 20-30 cm tjukkeleik. Vidare nedover i lagfylgja er det berre grave nærast muren. Der ligg fyrst eit tynnare teglhaldig lag (E5), med ein klar brannhorisont (E6). Under denne kjem eit sandhaldig jordlag. Alle dei fire nedste laga ligg inn mot den eldre blankmuren i steinkjellaren (sjå nedafør), og må altså vera yngre enn kjellarmuren.

Muren: Den noverande småsteinhaldige kalk- eller pusskaka på vestmuren er lagt på i nyare tid som ei forsterking av den tynne vestmuren (sjå fig 4, nyare støypt gruskappe"). Pusskaka er opp til 20 cm tjukk og kviler på eit opprøysa fundament av brotstein som ligg i minst 3 skift, og har ei nordvestleg-søraustleg orientering¹⁷ i høve til murlivet i sjølve kjellaren. Dette opprøysa fundamentet ligg i den gamle matjorda (E2), men kviler på bygningsgrusen under (E3), og er såleis eintydig del av ein nyare reparasjon. I nivå under dette sekundære fundamentet, og ca. 0,9 m under noverande markoverflate, vart det påvist to skift av ein blankmur i kalk, sannsynlegvis identisk med *det gamle ytterlivet i vestmuren*. Det kan vera at dette eldre murlivet ligg bak den nyare pusskaka også vidare oppover i muren. Både bygningsgrusen (E4) som låg inn mot blankmuren og den jordblanda bygningsgrusen (E3) over må ha samband med ein reparasjon av muren. Det vart ikkje påvist noko fundament for ein breiare vestmur, men dette *kan* strengt tatt liggja i eit lågare nivå enn det framgravde partiet.

Konklusjon: Det vart altså ikkje funne spor etter noko fundament for ein breiare vestmur i kjellaren. Tvert om kan den påviste blankmuren tyde på at vestmuren alltid har vore like tynn som i dag, sjølv om funna er for uklare til å seie dette sikkert. Kjellaren må ut frå laga med bygningsgrus ha vore ombygd, og terrenget vest for kjellaren er over tid heva ein del i høve til bakkenivå ved oppføringa av kjellaren.

Felt F utgår for å unngå at lagnummereringa for feltet skal kunna forvekslast med gjenstandsfunn-nummereringa (F-nummer).

Felt G: Vest for "Gamlehuset" (fig. 5)

Sv.kv. foto: 25-27.

Lysbilete: 7 og 9.

Oppmålingsteikning: Plan 3.

Funn-nr.: C 38229/18, 20-22, 133. (F7, 9-10.)

Beskriving: Feltet ligg på plenen ca. 17,5 m vest for "Gamlehuset" og ca. 2,3 m vest for felt H. Feltet er ei rektangulær 0,80 x 2,50 m stor grøft som seinare vart utvida med eit mindre

¹⁷ Ved hjørna i kjellaren ligg det opprøysa fundamentet i flukt med kjellarmuren, men stikk 90 cm nord for hjørna ca. 25 cm ut frå murlivet.

utstikk mot aust, 0,95 m x 0,75 m stort. Feltet vart utgravd ned i 0,52 - 0,72 m djupn frå markoverflata. Målsettinga med feltet var å påvisa eventuelle murrestar.

Lagfylgja: Rett under den 2-3 cm tjukke torva (G1) låg eit gråbrunt, 20-25 cm tjukt leirehaldig matjordlag (G2) identisk med påfyllinga gjort av Kjeld Nørgaard. Derunder kom eit 30-35 cm tjukt mørkebrunt matjordlag (G3), dvs. den gamle, omrota plenjorda. I denne låg det enkelte tilfeldige og små teglsteins- og kalkbitar. Vi kom så ned på *ei steinsetting*, som er innmålt på planen. Steinsettinga låg 0,50 - 0,60 m under dagens markoverflate, og består av 20-30 cm lange brotsteinar som ligg utan noko system. Steinane er av same slag som vi t.d. finn i ytre sørmursliv i "Gamlehuset". Midt i feltet ligg det ein enkelt større kalkstein. Steinane ligg alle om lag i same nivå. I søre del av feltet vart det ikkje påvist steinar, men dette kan kome av at vi her berre var 0,52 m nede under markoverflata. Steinsettinga låg i den gamle matjorda (lag G3), men massen i nivå med steinane fekk likevel eige lagnummer (G4). Steinane kan tidlegare ha stått i mur, men då der ikkje vart funne kalkgrus ligg dei likevel ikkje som del av ein rivingsmasse. Sannsynlegvis er dei del av ei samla utfylling eller utplanering av det skrånande terrenget mot sør.

Gjenstandsfunn: I feltet vart det berre funne få tegl- og slaggbitar jamført med aust for "Gamlehuset". Både i påfyllinga til Kjeld Nørgaard (G2) og i den gamle matjorda (G3) låg det enkelte omrota teglbitar, også av gammalt format. Frå påfyllinga (G2) vart det teke vare på ein del av eit ribbeprofil (C38229/20).

Konklusjon: Sjå felt H.

Felt H: Vest for "Gamlehuset" (fig. 5)

Sv.kv. foto: 25 og 28.

Lysbilete: 7 og 8.

Oppmålingsteikning: Plan 3.

Funn-nr.: -

Beskriving: Feltet ligg på plenen ca. 15 m vest for "Gamlehuset" og ca. 2,3 m aust for felt G. Feltet er ei rektangulær 0,95 x 2,15 m stor grøft, utgravd ned i 45 -55 cm djupn. Målsettinga med feltet var å sjekka om der, dvs. nærare "Gamlehuset" enn felt G, låg murrestar eller om steinsettinga i felt G heldt fram også der.

Lagfylgja: Rett under den 2-3 cm tjukke torva (H1) låg eit gråbrunt, 20-22 cm tjukt leirehaldig jordlag (H2), identisk med Kjeld Nørgaards påfylling. Derunder låg den gamle, omrota plenjorda som eit ca. 25 cm tjukt mørkebrunt matjordlag (H3) med enkelte tegl- og kalkbitar. Vi kom så ned på *ei steinsetting*, som er innmålt på planen.

Situasjonen i felt H er i store trekk den same som i felt G. I lagfylgja er H1=G1, H2=G2, H3=G3 og H4 (?)=G4. I begge felta låg der enkelte teglbitar med ikkje målbare flater, og teglen vart difor, med få unntak, ikkje teken vare på. Steinsettinga i felt H er av same karakter som i felt G, men brotsteinane ligg tettare. Også i felt H ligg det ein større kalkstein midt i feltet. Det er uråd å seie om kalksteinane ligg tilfeldig eller medvite er plasserte der.

Konklusjon felt G og H: Korkje i felt G eller H låg det steinar høgare oppe i jordmassane. Det tykkjest klart at steinsettinga påvist i begge felta er del av ei utfylling for å jamna til

plenområdet vest for "Gamlehuset". Utfyllinga er sannsynlegvis gjort uavhengig av "Gamlehuset", då steinsettinga ikkje dannar noko "flukt" inn mot sørvestre murhjørna i "Gamlehuset". Steinsettinga er sannsynlegvis av nyare dato.

Felt I: Aust for "Gamlehuset", aust for felt D (fig. 2)

Sv.kv. foto: 22.

Oppmålingsteikning: Plan 5.

Lysbilette: 4, 36-37.

Funn-nr.: - (F12, 25.)

Beskriving og omtale: Det ca. 1,7 x 3,3 m store rektangulære feltet låg i forlenginga av felt D mot aust. Det vart grave ut med maskin under tilsyn av feltleiaren. Målsettinga med feltet var å kunna spora eventuelle restar av ei austgåande murflukt i forlenginga av murflukta påvist i felt D. Ingen murspor vart funne. Under torva og matjorda kom vi direkte ned på fjell. Fjellflata vart nøye undersøkt for eventuelle kalkavtrykk etter ein fjerna mur, men altså utan positivt resultat.

Felt J: Ved ytre nordvestre hjørne av "Hovedhuset" (fig. 6 og 13)

Sv.kv. foto: 29-33.

Oppmålingsteikning: Plan 4.

Lysbilette: 20-24.

Funn-nr.: C. 38229/47-48, 55, 103-106. (F32-33, 39.)

Beskriving: Feltet går ut vestover frå "Hovedhusets" ytre nordvestre hjørne, og ligg delvis direkte i den noverande gardsvegen som fører frå sjøen og opp til tunet. Målsettinga med feltet var å påvisa eventuelle murrestar ved kjellaren under "Hovedhuset".

Det vart påvist restar av ein vestovergåande mur om lag i flukt med nordmuren i kjellaren under "Hovedhuset" og 10-20 cm under dagens overflatenivå (fig. 13). Berre fem steinar i den nordre murlivsflukta vart påvist i ca. 2,4 m lengde. Steinane ligg i god, ekstra kvit og fin kalk, og det same gjer den påviste delen av kalkkjernen innafor (t.d. ved niv. nr. 34.). Kalkprøve er tatt (C. 38229/55). Dei to austlegaste steinane i murlivet (niv. nr. 19-21 på plan 4) ligg 10-15 cm ut av flukt, og er truleg glidne ut. Dei tre steinane lenger vest fluktar meir med nordmuren i kjellaren, og markerer truleg den eigentlege retninga som muren har hatt. Det vart ikkje grave djupare enn nødvendig for å få murflukta fram, då massen rundt steinane er svært hard på grunn av veggen. Dermed er berre eitt skift av muren påvist. Sannsynlegvis er heller ikkje meir bevart, då den austlegaste påviste steinen i murflukta (niv.nr. 19 på plan 4) kviler direkte på fjell.

Det ser altså ut til at berre nederste murskiftet er bevart, fundamentert rett på fjellgrunnen. Dei fem påviste brotsteinane i murlivet er opp til 58 x 35 x 14 cm store. Her er ikkje nytta kalkstein. På dei bevarte steinane ligg det kalkrestar etter fugene mot det overliggjande murskiftet.

Det vart ikkje påvist restar av eit eventuelt søre murliv inn mot tunet, sjølv om vi undersøkte feltet i ca. 1,8 m breidde (nord-sør). Dette kan kome av at vi ikkje kom djupt nok ned i feltet. (Så lenge murrestar var påvist og murflukta dermed klar valde vi - innan denne korte prøvegravinga - å prioritere andre prøvefelt framfor å bruke tid på å hakke oss gjennom den hardstampa veggrusen her.) Men det kan også kome av at eit søre murliv fyrst har byrja i eit

høgare nivå, og dermed no er heilt vekke. Ut frå den påviste delen av nordre murliv og av murkjernen har muren minst vore ca. 1,5 m tjukk. Det er ikkje spor av tegl i den bevarte muren, men det ligg både tegl og kalk i massen over.

Før murpussen blir hoggen av hjørna i den ståande kjellaren, og eventuelle mursår kjem fram, kan det ikkje seiast sikkert om den påviste muren har lege i forband med kjellaren. Sannsynlegvis har han det då muren no ligg avbroten ca. 0,70 m frå sjølve kjellarhjørna. Truleg er dette gjort i samband med rivinga av muren og utlappinga av hjørna. Også kjellarhjørna er fundamentert rett på fjellet, som her ligg ca. 20 cm under dagens vegoverflate.

Konklusjon: Det ser altså ut til at vi har bevart delar av kjernen og eitt skift av nordre murliv i ein minst 1,5 m brei vestovergåande mur som har gått ut frå nordvestre hjørna i kjellaren under "Hovedhuset". Muren har sannsynlegvis lege i forband med kjellaren. Både muren og kjellaren verkar å vera fundamentert direkte på fjellgrunnen.

Felt K: Vest for "Hovedhuset" og vest for felt J (fig. 6)

Sv.kv. foto: 34-35.

Oppmålingsteikning: Plan 4.

Lysbilette: 10-11.

Funn-nr.: C 38229/43-46. (F30-31.)

Beskriving: Det rektangulære ca. 0,70 x 1,80 m store feltet låg mellom "Drengestua" og "Hovedhuset", like ved gardsvegen og tørkestativet her. Feltet låg ca. 4 m frå ytre nordaustre hjørna av "Drengestua" og 8 m vest for "Hovedhuset", og i det skrånande terrenget ned mot det brattare fallet til "Gulldalen". Feltet vart utgravd i 0,65 - 0,70 m djupn. Målsettinga med feltet var å sjekke om den vestovergåande murflukta i felt J også kunne påvisast her.

Lagfylgja: Under den 7-8 cm tjukke torva (K1) kom eit 40-45 cm tjukt jordblanda oppfyllingslag (K2) med tegl, kalk og steinar. Derunder kom ei 5-8 cm tjukk *betongflate*, som låg skrått ned mot nord ca. 40 - 60 cm under dagens skrånande markoverflate. Rett under denne betongflata, som vi hogg oss gjennom i søre del av feltet, låg *ei oppfylling av brotsteinane* teikna på plan 4. Fleire av brotsteinane har kalkspor, og har tydelegvis tidlegare lege i ein mur, men ligg her som ei utfylling mot den bratte skråninga ned mot "Gulldalen".

I nordre del av feltet låg det *ein betongsole* med så klar og rett nordkant at han verka å vera støypt med forskaling. Den rette kanten er påvist i minst 20 cm høgde, men kan gå djupare. Den støypte kanten fluktar mest heilt med murflukta påvist i felt J, og vi banka oss difor 7-10 cm inn i betongen for å vera sikre på at denne ikkje berre var ei nyare tynn støypeflate som skjulte ein eldre mur. Dette var ikkje tilfelle. Det er ikkje tvil om at heile den rette betongkanten er av nyare dato. Betongkappa vi hogg oss gjennom i feltet skrår ned til og er del av denne rette støypekanten.

Konklusjon: Betongsolen er ein nyare forstøtningsmur ut mot det sterkt fallande terrenget ned mot "Gulldalen". Bak betongmuren er det fylt opp med brotstein som tidlegare må ha stått i mur, og ei tynnare betongkappe er så lagt over det heile. Deretter er det fylt på med jord iblanda tegl og kalk. Kan hende er dette arbeidet utført samtidig med utbetringa av

forrommet i den gamle kjellaren som delvis ligg inn under drengestova. Nedgangen til kjellaren ligg ca. 3,5 m sørvest for feltet K.

Det vart altså ikkje påvist noko forlenging av murflukta frå felt J, sjølv om vi var ned i tilsvarande nivå.

Telegrøft

Sv.kv. foto: 37-39.

Lysbilete:

Oppmålingsteikning:

Funn-nr.: C 38229/31 (F16.)

Medan feltarbeidet vårt pågjekk grov Televerket ei maskingrave grøft for telefonleidning i skråningen frå området søraust for felt D/aust for felt C og ned mot golfbanen i sør. I jordsnittet vart det påvist mindre steinar som må vera del av same utfyllinga mot sør som er påvist i felt C. I nivå under småsteinane vart det påvist trekol, noko som stadfester denne utfyllinga. I jordmassane i grøfta kom C 38229/31 fram.

Maskingrave felt

Sv.kv. foto:

Lysbilete:

Oppmålingsteikning:

Funn-nr.: (F17.)

Like aust for Televerket si grøft ned mot golfbanen opna Televerket eit ca. 0,80 - 1,0 m stort felt ved ca. 51,3 x / 20,6 y. Det låg der oppsmuldra, raudleg farga fjell, som likevel neppe har samband med brann. I jordmassane låg to avslåtte mellomaldertegl (F16), med identisk breidde (13,5 cm) og tjukkeleik (8,5 cm).

Felt L: Ytre, søraustre hjørne av "Gamlehuset" (fig. 2)

Sv.kv. foto: 36.

Lysbilete: 26.

Oppmålingsteikning: Plan 8.

C. 38229/135-140

Beskriving: Det 0,60 x 1,10 m store feltet låg inntil austveggen av "Gamlehuset", i det ytre søraustre hjørne av bygningen. Her vart grave opp til 0,4 m djupt. Målsettinga med feltet var å få klargjort i om det har lege eit rom aust for kjellaren. I så fall ville vi vente spor etter muren her ved søraustre kjellarhjørne, som ein parallell til den påviste murflukta ved nordaustre hjørne av kjellaren.

I nordre del av feltet kom det fram ein stor stein som bind inn i kjellarmuren og stikk 0,35 m ut frå murlivet. Steinen ligg i kalk, og han har også kalk på overflata. Likevel er det lite truleg at dette er restar av ein austovergåande mur. Til det er steinen for rett avslutta i aust. Sannsynlegvis er det snakk om fundamentet for kjellaren med ei form for sokkel.

GJENSTANDSMATERIALET

Funnmaterialet vart i felt fortløpande nummerert i ei funnliste (F1 - F 45), der kvart nummer kan omfatta fleire funn frå same kontekst. Materialet vart systematisert av Alf Tore Hommedal og Grethe Seim (teglsteinsmaterialet).

Ein del nyare funn frå dei øvre, omrota jordlaga vart kasserte. Dette gjeld dyrebein, spikrar, slagg og skår av nyare fajanse og flasker.

På grunn av den store mengda med profilteglmateriale, er berre dei best bevarte fragmenta og døme på dei ulike tegltypane henta inn til Universitetets Oldsaksamling og katalogisert der. Resten av teglmaterialet – typebestemt i det katalogiserte materialet ved Oldsaksamlinga – er altså systematisert etter typar og kontekst og blir oppbevart i merka kartongar på Storøen Gård. Kartongane vart nummererte I-X, og påskrivne kva innhaldet er og kva funnnummer dei inneheld.

Funnmaterialet innlevert til Universitetets Oldsaksamling vart hausten 1993 katalogisert av Else Plahter i samarbeid med Alf Tore Hommedal (C 38229/1-140). Materialet omfattar både keramikk (m.a. mellomalderkeramikk), glas (m.a. vindaugsglas), slagg, diverse jarnfragment (m.a. jarnnaglar), i tillegg til den store mengda med fragmentert tegl. Profilteglmaterialet er omtala nedafør og i samband med felt D.

VURDERING AV MULIGHEITA FOR BYGNINGAR

Ved "Hovedhuset" vart det påvist restar av ein brotsteinsmur som har gått ut mot vest i flukt med nordmuren av steinkjellaren. Aust for "Gamlehuset" vart det også påvist restar av eit breitt steinfundament med eit sannsynleg nordre murliv i ein austovergåande brotsteinsmur. Ingen av stadene kan det seiast sikkert om dei påviste murfluktene er del av ein bygning eller dei er enkeltståande murar. Sannsynlegvis har det i alle fall aust for "Gamlehuset" stått ein bygning, då det i delar av jordmassane over fundamentet låg konsentrasjonar av teglsteinsfragment, men for det meste berre med få kalkbitar og såleis ikkje som rein bygningsgrus. Teglen er av mellomalderformat. For det meste låg her berre små teglsteinsfragment, dels med profilerte parti. Men her låg også nokre relativt heile profiltegl. Ut frå desse kunne også store delar av dei mindre fragmenta typebestemast. Ut frå materialet er det klart at det på Storøya har stått minst ein bygning med ribbekvelv av tegl, der diagonalribbene har hatt femkløver-form (type: C 38229/68). Skjoldbogerribbene har hatt ein enkel vulst med tagg (type: C 38229/10). Ut frå funnet av vindaugsmidtpostar (type: C 38229/71) må bygningen minst ha hatt eitt vindauga som har vore to- eller fleirdelt. Eitt av ribbefragmenta (C 38229/10) hadde på eine flata av vulsten innrissa eit portrett med kongekrone sett enface. Det vart funne skjoldbogerribber i to ulike format (typar: C 38229/10 og 74), der berre den største typen har tagg (som Fett 1909, plansje 42, profil nr. III og VII). Ut frå profiltegl-materialet kan bygningen sannsynlegvis daterast til slutten av 1200-talet eller fyrste halvta av 1300-talet.

OPPSUMMERING MED KONKLUSJON

Under prøvegravinga i 1993 ved tunet på Storøen Gård, Storøya, Hole i Buskerud vart det i alt opna 11 arkeologiske felt; to vest for steinkjellaren under "Hovedhuset", to på plenen vest for "Gamlehuset", eitt ved sørvestre hjørne og eitt ved nordaustre hjørne av steinkjellaren under "Gamlehuset" og dei resterande felta aust for "Gamlehuset". Vest for "Gamlehuset" låg det berre ei steinsetting som ikkje er del av mur. Ved "Hovedhuset" vart det påvist restar av ein brotsteinsmur som har gått ut mot vest i flukt med nordmuren av steinkjellaren. Aust for "Gamlehuset" vart det også påvist restar av eit breitt steinfundament med eit sannsynleg nordre murliv i ein austovergåande brotsteinsmur. Ingen av stadene kan det seiast sikkert om dei påviste murfluktene er del av ein bygning eller dei er enkeltstående murar. Sannsynlegvis har det i alle fall aust for "Gamlehuset" stått ein bygning, då det i delar av jordmassane over fundamentet låg konsentrasjonar av teglsteinsfragment, men for det meste berre med få kalkbitar og såleis ikkje som rein bygningsgrus. Teglen er av mellomalderformat. For det meste låg her berre små teglsteinsfragment, dels med profilerte parti. Men her låg også nokre relativt heile profiltegl. Ut frå desse kunne også store delar av dei mindre fragmenta typebestemast. Ut frå materialet er det klart at det på Storøya har stått minst ein bygning med ribbekvelv av tegl, der diagonalribbene har hatt femkløver-form. Skjoldbogerribbene har hatt ein enkel vulst med tagg. Ut frå funnet av vindaugsmidtpostar må bygningen minst ha hatt eitt vindauga som har vore to- eller fleirdelt. Det vart funne skjoldbogerribber i to ulike format, der berre den største typen har tagg. Ut frå profiltegl-materialet kan bygningen sannsynlegvis daterast til slutten av 1200-talet eller fyrste halvta av 1300-talet. Aust for "Gamlehuset" vart her funne ein del slag i dei omrota jordmassane. Då dei fleste gjenstandane låg i omrota jordlag, vart funn som dyrebein, ein del av slagget, trekol o.l. kassert etter registrering. Av profiltegl er berre dei best bevarte fragmenta og døme på dei ulike tegltypane henta inn til Universitetets Oldsaksamling og registrerte der. Resten av teglmaterialet er systematisert og blir oppbevart i merka kassar på Storøen Gård.

Bergen, 20.12.1997

Alf Tore Hommedal

Alf Tore Hommedal

Vedlegg: Oversikt over dokumentasjonsmaterialet

Litteratur

Fett, Harry 1909: *Norges Kirker i middelalderen*. Kristiania.

Storsletten, Ola 1990: Storøya i Tyrifjorden - joda, Fischer var der også. *Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring, Årbok 1990*. Oslo.

VEDLEGG: OVERSIKT OVER DOKUMENTASJONSMATERIALET**Oppmålingsteikninger**

Alle dei 8 oppmålingane er utført med blyant på teiknefolie, og merka "Storøen gård, Storøya i Hole, Buskerud, 1993".

Plan 1: Felt A: Aust for nordaust-hjørna i "Gamlehuset". Plan 1. Murflukt med steinsetting sørafor. Målestokk, 1:20. 30/6-10/7-1993. Alf Tore Hommedal og Else Plahter.

Plan 2: Felt A: Austover frå "Gamlehusets" ytre NA-hjørne. Jordsnitt, sett mot sør. Sjå A-A på plan 1. Før utviding av felt A mot sør. Målestokk, 1:20. 30/6-1993. Alf Tore Hommedal.

Plan 3: Felt G og H: Vest for "Gamlehuset". Steinsettingar. Målestokk, 1:20. 6/7-1993. Alf Tore Hommedal og Frode Pilskog.

Plan 4: Felt J og K: Vest for "Hovedhuset". Påvist mur (felt J) og betongoppfylling (felt K). Målestokk, 1:20. 6-8/7-1993. Else Plahter og Alf Tore Hommedal.

Plan 5: Felt D og I: Murrestar aust for "Gamlehuset", aust for felt A. Målestokk, 1:20. 7/7-1993. Alf Tore Hommedal, Else Plahter og Marianne Brockman.

Plan 6: Felt C: Aust for "Gamlehuset". Del av steinsetting. Målestokk, 1:20. 7/7-1993. Alf Tore Hommedal.

Plan 7: Felt E: Ytre, sørvestre hjørne av "Gamlehuset". Plan og jordsnitt mot nord. Målestokk, 1:20. Juli 1993. Alf Tore Hommedal.

Plan 8: Felt L: Ytre, søraustre hjørne av "Gamlehuset". Målestokk, 1:20. Juli 1993. Marianne Brockman og Alf Tore Hommedal.

Svart-kvitt bilete, Storøen 1993

Alle bileta er tekne av Alf Tore Hommedal.

<u>Nr.</u>	<u>Neg.nr.</u>	<u>Felt</u>	<u>Motiv</u>	<u>Sett mot</u>	<u>Dato</u>
1	3/2-3		Steinkjellaren under "Hovedhuset". Nordmuren.	SV	10/7
2	3/0-1		Steinkjellaren under "Hovedhuset". Vindauga i nordmuren.	Sør	10/7
3	3/4-5		"Gamlehuset".	SV	10/7
4	3/8		Kjellaren under "Gamlehuset". Ytterlivet, austmuren.	NV	10/7
5	1/6-7	A	Jordsnitt A-A, før utvidinga av feltet mot sør.	Sør	1/7
6	1/21	A	Fundamentet. Else Plahter måler opp.	Sør	2/7
7	1/22,25-26	A	Murfundament, med nordre murliv.	Vest	2/7
8	1/23-24	A	Murfundament, med nordre murliv.	Nord	2/7
9	2/34-35	A	Nordre murliv.	Vest	8/7
10	3/11-14	A	Nordre murliv, med murhjørne mot nord ?	Nord	10/7
11	3/17-18	A	Murhjørne mot nord ?	Sør	10/7
12	2/36	A	Murhjørne mot nord ?	Ovafrå	8/7
13	3/9-10	A	Felt A med nordaustre hjørne av kjellaren under "Gamlehuset".	Vest	10/7
14	3/15-16	B	Steinar framfor nordaustre pilar, kjellaren under "Gamlehuset".	Vest	10/7
15	2/11-12	C	Oversikt.	Nord	8/7
16a-b	2/13-14	C	Jordsnitt mot aust.	Aust	8/7

17a-b	3/29-30 3/34-35	D	Jordsnitt mot aust.	Aust	10/7
18	2/10 3/28	D	Oversikt.	Sør	7/7
19	3/32	D	Oversikt, søre del.	Sør	10/7
20	1/18	D	Nordre "murliv", med kalkkjerne innafor i sør.	Aust	2/7
21	2/29 3/33	D,J	Nordre "murliv".	Aust	8/7
22a-c	2/30-32	D,J	Nordre "murliv". Oversikt.	Ovafrå	8/7
23	3/22-23	E	Nordre jordsnitt.	Nord	10/7
24	3/24-25	E	Skift frå eldre blankmur.	Aust	10/7
25	1/36-37	G,H	Oversikt. Felta sett i relasjon til "Gamlehuset".	Aust	6/7
26	1/33-34	G	Oversikt. Nordre del av feltet.	Nord	6/7
27	1/35	G	Oversikt.	Nord	6/7
28	1/30-32	H	Oversikt.	Nord	6/7
29	2/15-18	J	Påvist murflukt og murkjerne. Sett i relasjon til kjellaren under "Hovedhuset".	Aust	8/7
30	2/19-20	J	Avbrota murflukt v/ kjellar- hjørna. Kjellaren og muren kviler på fjellet.	Sør	8/7
31	2/27-28	J	Påvist murflukt og murkjerne. Detalj.	Aust	8/7
32	2/25-26	J	Påvist murflukt og murkjerne. Detalj.	Sør	8/7
33	2/21-22	J	Påvist murflukt og murkjerne.	Vest	8/7

			Sett i relasjon til kjellaren under "Hovedhuset".	
34	2/0-1	K	Oversikt. Etter at "betongflata" er delvis fjerna og steinane under synlege.	Nord 7/7
35	2/2-5	K	Oversikt. Etter at "betongflata" er delvis fjerna og steinane under synlege.	Ovafrå 7/7
36	3/26-27	L	Oversikt.	Vest 10/7
37	1/13		Maskingraven grøft for telefonledning. Rett aust for felt D.	Sør 2/7
38	1/14-15		Maskingraven grøft for telefonledning. Rett aust for felt D. Sett nede frå "Golfbanen".	Nord 2/7
39	1/16-17		Maskingraven grøft for telefonledning. Rett aust for felt D. Sett nede frå "Golfbanen". Oversikt.	Nord 2/7
40	1/10-11		Teglprofil. Midtpost frå vindauga. Tidlegare funne av Kjeld Nørgaard under nye kjellaren i "Hovedhuset".	1/7
41	1/2-5,8-9	D	"Teglsteinsamling" i nordre del av feltet. med midtpoststein frå vindauga in situ. (C.38229/71)	Ovafrå 1/7
42	2/6-7	D	Tegllibbe (2) frå felt D. In situ. (C.38229/69)	Ovafrå 7/7
43	2/8	D	Tegllibber frå felt D. Heil tegllibbe (1). (C.38229/68) Delt tegllibbe (2). (C.38229/69)	7/7
44	2/9	D	Tegllibbe (3) frå felt D. In situ. (C.38229/70)	Ovafrå 7/7
45	2/33		Feltsituasjon. Grethe Seim systematiserer profiltegl.	8/7

46	3/19		Feltsituasjon. Grethe Seim arbeider i felt A.	Nord	9/7
47	3/6		Feltsituasjon. Felta aust for "Gamlehuset". Else Plahter og Frode Pilskog.	Vest	9/7
48	3/7	D	Feltsituasjon. Else Plahter og Frode Pilskog i felt D.	Sør	9/7

Lysbilete


Alle bileta er tekne av Alf Tore Hommedal.

Biletentr.	Felt	Motiv	Sett mot	Dato
1	D	Oversikt. Tegloppsamling i framgrunnen (nordre del av feltet). Midtpoststein (C.38229/71) frå vindauge in situ.	Sør	30/6
2	D	Tegloppsamling. Midtpoststein (C.38229/71) frå vindauge ligg in situ.	Sør	30/6
3	D	Tegloppsamling. Midtpoststein (C.38229/71) frå vindauge ligg in situ.	Ovafrå	30/6
4	I	Felt I (i framgrunnen) med reint fjell utan spor av fundament. Sett mot felt D (i bakgrunnen) med fundamentrestar.	Vest	5/7
5-6		Oversikt. Tunet med "Gamlehuset" og eit stabbur. I framgrunnen jordarbeid med golfbanen.	Nord	5/7
7	G/H	Oversikt. "Gamlehuset" med felt G og H på plenen i framgrunnen.	Aust	6/7
8	H	Steinsetting.	Ovafrå, mot nord.	6/7
9	G	Steinsetting.	Ovafrå, mot nord.	6/7
10	K	"Betongsituasjonen". Tynne betongkappa vekkhogd.	Ovafrå, mot sør.	7/7
11	K	"Betongsituasjonen".	Vest.	7/7
12	D	Teglribbe (C.38229/69) in situ. Søre del av feltet.	Sør.	7/7
13	D	Heil teglribbe (C.38229/68) t.h. og tredelt teglribbe (C.38229/69) t.v..		7/7
14	D	Innrissa kongeportrett på del av		7/7

skjoldbogeribbe (C.38229/10).

15	D	Teglribbe (C.38229/70) in situ. Søre del av feltet.	Ovafrå.	7/7
16	D	Murflukt med kalkfundament innafor.	Sør.	7/7
17	C	Oversikt.	Sør.	8/7
18	C	Oversikt.	Nord.	8/7
19	C	Jordsnitt mot aust.	Aust.	8/7
20	J	Murrestar som går ut frå nordvestre hjørne av "Hovedhuset".	Aust.	8/7
21	J	Murrestar som går ut frå nordvestre hjørne av "Hovedhuset". Hushjørna kviler på fjell.	Nord.	8/7
22	J	Nordvestre hjørne av "Hovedhuset" med murrestar som går ut mot vest. Hushjørna kviler på fjell.	Aust.	8/7
23	J	Murrestar som går ut frå nordvestre hjørne av "Hovedhuset". Hushjørna kviler på fjell.	Vest.	8/7
24	J	Murrestar som går ut frå nordvestre hjørne av "Hovedhuset". Vestre del med "murkjeerne".	Sør.	8/7
25	E	Blankmur synleg i ytre vestmursliv i kjellaren under "Gamlehuset".	Aust.	9/7
26	L	Sokkelfundament ved ytre søraustre hjørne i kjellaren under "Gamlehuset".	Ovafrå.	10/7
27		Profilsteinar i tegl. Det meste funne under vår graving. Nederst til venstre ligg ein midtpoststein som tidlegare er funnen av Kjeld Nørgaard.		8/7
28	A	Murflukt med steinsetting. Kjellaren under "Gamlehuset" ligg i venstre biletkant.	Nord.	9/7



29	A	Murflukt med steinsetting. Kjellaren under "Gamlehuset" ligg i venstre biletkant.	Nord.	9/7
30	A	Ytre nordaustre hjørne av kjellaren under "Gamlehuset". Med steinsetting og murflukt i framgrunnen.	Vest.	9/7
31	A	Murflukt med steinsetting sørafor. Kjellaren under "Gamlehuset" så vidt synleg i bakgrunnen.	Ovafrå, mot vest.	9/7
32	B/A	Hjørne med murflukt (?) mot nord.	Sør.	9/7
33	D	Jordsnitt mot aust. Søre del.	Aust.	10/7
34	D	Murflukt med kalkfundament innafor. Oversiktbiltet.	Ovafrå.	8/7
35	D	Murflukt med kalkfundament innafor. Fundamentet delvis vått p.g.a. regn.	Sør.	10/7
36	D/I	Murflukta i felt D stoppar brått. I felt I er det reint fjell i denne flukta.	Ovafrå.	8/7
37	D/I	Murflukta i felt D i framgrunnen stoppar brått. I felt I lenger bak manglar murflukta. Her ligg berre reint fjell i denne flukta.	Aust.	8/7
38	D/A	"Gamlehuset" med felt D (i framgrunnen) og felt A (ved huset). Oversiktsbilete.	Vest.	9/7
39		"Gamlehuset" sett frå nordaust.	Sørvest.	9/7
40		"Hovedhuset" med den bratte bakken opp til dette. Sett frå nordaust.	Sørvest.	9/7
41		Kjellarane under "Hovedhuset", med vindaugsopningane inn til dei to kjellaromma.	Sørvest.	9/7
42		Vindaugsopningen inn til vestre kjellarrom under "Hovedhuset".	Sør.	9/7



Figur 1: Kart over tunet på Storøen Gård. Øvst dei noverande bygningane. Nest steinkjellarane med opplysningar om observasjonar av murrestar før prøvegravingane i 1993. Etter Storsletten 1990.



Fig. 2: Prøvefeltet ved "Gamlehuset". Samanteikninga byggjer på feltteikningane plan 1, 5, 6, 7 og 8. Ved felt E og F gjer eit avvik i høve til den eldre oppmålingsplanen av sjølve steinkjellaren at murlivteikningane ikkje er heilt samanfallande. Reinteikning: Flin .lensen




Lag A1 torvlag

Lag A2 humushaldig lag med spreidde kalk- og teglbitar



Fig. 3: Jordsnitt i felt A, sett frå nord. Reinteikninga bygger på felteikningen plan 2.
Reinteikning: Elin Jensen.

120,04 moh




120,04 moh

steinsetting opplagt som
fund. for "gruskappa"

hopp på ca. 10-20cm sørover
frå snittet lenger vest

blankmur i kalk



E1 leirholdig matjord (påført av Kjeld Nørgaard)

E2 gammel markoverflate med matjord

E3 jordblanda bygningsgrus

E4 rein bygningsgrus

E5 teglhaldig lag

E6 brannhorisont

E7 sandhaldig jordlag


nyare, støypt "gruskappa"

V ← → Ø


0 1m

Fig. 4: Nordre jordsnitt i felt E. Reinteikninga byggjer på felteikning plan 7. Reinteikning: Elin Jensen.

-28y/8x + + + + + -28y/14x



G



H

+

+

+

+

+

+

- - - - feltkant, markoverflate
- - - - feltkant, botn av grøft

-32y/8x

+

+

+

+

+

+

-32y/14x



Fig. 5: Prøvefelt (G og H) på plenen vest for "Gamlehuset". Reinteikninga bygger på felteikning plan 3. Reinteikning: Elin Jensen.




Fig. 6: Prøvefelt (J og K) ved "Hovedhuset". Reinteikninga byggjer på felteikning plan 4. Reinteikning: Elin Jensen.



Fig. 7: Prøvefelt A. Fundament med nordre murliv, sett mot vest. (SK-foto 7). Foto: A.T. Hommedal.



Fig. 8: Prøvefelt A. Flukta for nordre murliv, sett mot vest. (SK-foto 9). Foto: A.T. Hommedal.



Fig. 9: Prøvefelt D. Flukta for nordre murliv, sett ovafrå. (SK-foto 22b). Foto: A.T. Hommedal.



Fig. 10: Prøvefelt D. I framgrunnen nordre murliv, med kalkfundamentet sør for dette. Sett mot sør. (SK-foto 18). Foto: A.T. Hommedal.



Fig. 11: Prøvefelt D. Tegllibba C 38229/69 in situ. (SK-foto 42). Foto: A.T. Hommedal.



Fig. 12: Prøvefelt D. Samling av tegl in situ. Med midtsprossesteinen C 38229/71. (SK-foto 41). Foto: A.T. Hommedal.



Fig. 13: Prøvefelt J. Nordre murflukt sett i relasjon til kjellaren under "Hovedhuset" (SK-foto 29). Foto: A.T. Hommedal.